

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Møterom Stølen, Valdres næringshage	27.01.2020

Sak nr :

RS 6-/-20 Bandtvangsreglar i Valdres

Bakgrunn:

Oppfølging av sak frå Valdresrådet

I Valdresrådet vart det diskutert om det er mogeleg å få sams bandtvangsreglar for Valdres. *Grunngjevinga er at der er forvirrande at det er ulike tider for dei som besøker oss og det er vanskeleg å kommunisere desse ulikskapane.*

Frå protokollen:» V 19-/-19 Bandtvangsreglar i Valdres

Handsaming:

Arnfinn Beito innleia, han orienterte om ulike bandtvangstider, men og om at nokre kommunar hadde lite tilgjengeleg informasjon på sine heimesider. Bandvangstidene i Valdres er slik (jf. lovdata):

Vang 1/4-31/10.

Vestre Slidre 1/4-10/10.

De andre fire har 1/4-30/9.

Haldor Ødegård tok opp at endringar i jakttider for elg og kompliserer dette.

Vedtak:

Saka sendast Regionstyret for vidare handsaming «

Saksutgreiing:

Lov om hundehold (hundelova) §6 gjev heimel for kommunane til å fastsete lokal forskrift for bandtvang, det har kommunane gjort. Bandvangstidene i Valdres er slik (jf. lovdata):

Vang kommune har bandtvang i tidsrommet 1/4-31/10, Vestre Slidre kommune har bandtvang i tidsrommet 1/4-10/10 og dei andre fire kommunane Nord-Aurdal, Sør Aurdal, Etnedal og Øystre Slidre har bandtvang i tidsrommet 1/4-30/9.

Dårleg og lite tilgjengeleg informasjon hjå enkelte av kommunane vart og framhalde frå Beito samt at ikkje alle veit kvar kommunegrensene går til ei kvar tid. Det er i dag 18300 hyttetak i Valdres og 640 000 kommersielle gjestedøgn, dette aukar ferdselen i utmarka både med og utan hund.

Vurdering:

Det er kommunane som har heimel til å fastsetja forskrift ut frå lokale tilhøve. Det er kommunane som avgjer om dei vil arbeide for eit felles regelverk. Kommunikasjon til deltidsinnbyggerane og til gjestene ved turistbedriftene er viktig dersom bandtvangsreglane skal ha ynskt effekt.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Møterom Stølen, Valdres næringshage	27.01.2020

Framlegg til vedtak:

Saka handsamast vidare i dei seks Valdreskommunane

Vedtak:

sign.

Utskrift sendt til